

Pressemelding

29.09.2022

Fylkestinget i Vestland ber om skjerpa beredskap

Vestland fylkesting er sterkt uroa over auka og uvanleg droneaktivitet i Nordsjøen, samtidig som det ser ut til at lekkasjar på rørledningar i Østersjøen skuldast sabotasje. Vestland fylkesting vil understreka at beredskap knytt til infrastruktur og installasjonar langs kysten og i Nordsjøen må ha høg prioritet for å sikra tryggleiken.

Det kom fram gjennom ei fråsegn under fylkestinget, som denne gongen hadde lagt møtet til Mongstad, like ved det store oljeraffineriet, forsyningsbasen og ilandføringanlegget for olje og gass.

– Droneaktivitet og lekkasjar på installasjonar gjer Vestland fylkesting uroleg, og som eit energi- og verdiskapingsfylke meiner fylkestinget at det er kritisk viktig å sørge for sikring av infrastruktur og personell, seier fylkesordførar Jon Askeland.

Kontaktperson: Fylkesordførar Jon Askeland, mobil: 474 59 720